



Tingvoll kommune

Rådmannen

*Økokommunen –
bedre løsninger for mennesker og miljø*

Helseminister Bent Høie
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Deres ref:

Vår ref
2014/381-6

Saksbehandler
Olaug Haugen

Dato
29.04.2014

Høringsuttalelse til sak om legars reservasjonsrett

Formannskapet i Tingvoll kommune fatta 22.04.14 slikt vedtak i høyringssak om legars reservasjonsrett:

”Tingvoll kommune har vurdert forslag til endringar i helse- og omsorgstjenesteloven og pasient- og brukerrettighetsloven knytta til legars reservasjonsrett. Rådmannens saksframlegg blir sendt som Tingvoll kommune sin høringsuttale i saka.
Tingvoll kommune meiner at det ikkje skal opnast i lovverket for at fastlegar kan reservere seg mot å henvise til abort og andre spørsmål som handler om liv og død.”

Her følgjer Tingvoll kommune sin samla høyringsuttale som er vurderinga i rådmannens saksframlegg:

Rådmannen meiner at dette er ei viktig prinsippiell sak å uttale seg i. Kommunane vil få eit ansvar m.o.t. å evt. inngå avtalar med legar som av samvittighetsgrunnar vil reservere seg mot henvisning til abort. Kommunen bør ha ei meining i denne saka som vil påverke våre arbeidsoppgåver og kunne ha konsekvensar for våre innbyggjarar si behandling i helsevesnet.

I denne saka må ein avvege legane sin samvittighetsfrihet mot retten til lovbestemte helsetenester. I høyringsnotatet frå departementet er det argumentert omfattande for verdien av at legar har høg etisk medvit, og reflekterer over etiske spørsmål. Som ein del av dette deira mulighet til å bli fritatt av oppgåver på samvitsgrunnlag. Men kva innebærer reservasjonsretten av ulemper for kvinnene som er i ein livssituasjon der ein vurderer å ta abort ?

Rådmannen sitt råd er at ein ikkje opnar opp for legars mulighet til å reservere seg mot henvisning til abort.

Grunnen til denne vurderinga er at legar har ein profesjon der deira oppgåve er nedfelt i lovverk og etisk rammeverk. Så lenge oppgåvene som skal løysast er innan dette rammeverket må ein forvente at legen på ein profesjonell måte utfører desse oppgåvene. Dette er også utgangspunktet i dagens lovgiving knytta til faslegar. Det kan ikkje vera legens private oppfatningar som skal prege kva

Tingvoll kommune
Rådmannen, 6630 Tingvoll

Telefon 71 53 24 00
Telefaks 71 53 24 01

E-post: postmottak@tingvoll.kommune.no

www.tingvoll.kommune.no

helsehjelp den enkelte innbyggjar får, det er behovet til pasienten/ innbyggjaren som må avgjere vidare helsehjelp.

Kvinneres rett til abort vart nedfelt i norsk lovverk etter lang offentleg debatt, kvinners kamp for sine rettar og politisk vilje. Retten til abort er i dag norsk lov.

Å søkja om abort skjer i ein sårbar livvsituasjon for mange. Det er svært viktig at kvinner i denne situasjonen blir godt ivaretatt av det offentlege helsevesenet. At det er lett å komme til konsultasjon, at det blir gitt profesjonell veiledning om handlingsalternativ og at vidare henvisning og helsehjelp bli iverksett på ein effektiv måte med høg kvalitet.

Kvinner med rett til helsetenester skal behandlast på ein likeverdig og respektfull måte, og ikkje behøve forholde seg til behandlingsapparatet sine personlege preferanser og syn. Dette gjeld på alle områder der ein er i kontakt med offentleg hjelpeapparat. Eit klassisk trekk ved forvaltninga er at den er profesjonell og ”upersonleg”. Sentrale verdiar og trekk ved forvaltninga er likebehandling, saklighet, gjennomsiktighet, skriftlighet, forutsigbarhet.

Vi kan ikkje utvikle kulturar i det offentlege som gjer at saksbehandlaren sine personlege preferanser bestemmer utfall i saker. Og vi må sikre at ei slik opning av reservasjonsrett ikkje skapar presedens for andre arbeidstakargrupper som kan ha liknande utfordringar i forbindelse med yrkesutøvelse. Dersom legar av samvitsgrunnar ikkje kan utføre det som er lovpålagt, er dette ei vurdering den enkelte kan gjera når ein gjer sitt yrkesvalg.

Med helsing

Olaug Haugen
Rådmann